



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

20.05.2026

Vår ref:

2023/14222

Dykkar dato:

10.02.2026

Dykkar ref:

202305721

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Eirik Brynjelsen, 5557 2170

Fråsegn - Re Energi kraftverk - Storelva - Gloppen kommune - motsegn mot
massedeponi

Ei utbygging av Storelva, slik det er planlagt med moderne miljødesign, vil med litt justering kunne gjennomførast med akseptable konsekvensar for storaure og anna naturmangfald. Vi meiner at minstevassføringa i vinterperioden må aukast til 5-persentilnivå, og vi har ein merknad til kunnskapsgrunnlaget om storauren.

Tunnelbygginga vil generere store mengder massar, og det er planlagt eit stort deponi på innmark. Vi fremjar motsegn mot planlagt massehandtering, og deponi på innmark, då dette ikkje er utgreidd i tråd med krava i KU-forskrifta eller statlege retningslinjer/rundskriv.

Vi viser til høyringa av søknad med konsekvensutgreiing frå Re Energi AS, og til avtalt utsett høyringsfrist til 20.5.2026.

Kva søknaden gjeld

Re Energi kraftverk vil bygge ut ca. 3,3 kilometer av Storelva, fram til avløp 1,1 kilometer oppstraums Breimsvatnet. Det er planlagt inntak på kote 125,5, vassveg i sjakt/tunnel, og kraftstasjon i fjellhall, med avløp på kote 69,5.

Maksimal slukeevne er på 60 m³/s (2,17 * middelvassføringa), og minstevassføringa er på 6,0 m³/s i sommarperioden (0,52 * 5-persentilen) og 1,0 m³/s i vinterperioden (0,57 * 5-persentilen). I tillegg skal det sleppast noko meir vatn i enkelte viktige periodar for fiskevandring. Estimert årleg energiutbytte er på 90 GWh.

Det skal byggjast ein 250 meter lang tilkomstveg til inntaksdammen, og i tillegg mellombelse anleggsvegar som skal tilbakeførast i sluttfasen av utbygginga. Tunnelar med påhogg, kraftstasjon i fjell og lausmasseuttak i inntak og avløpskulvert, vil gi eit masseoverskot på ca. 300000 m³. Det er planlagt å deponere 130000 m³ massar på innmark.

Ein tidlegare søknad om kraftutbygging i denne delen av Storelva blei avslått, hovudsakleg på grunn av sannsynlege konsekvensar for storaure. Det er derfor inkludert fleire avbøtande tiltak for storaure i dei nye utbyggingsplanane.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vår vurdering

Ei utbygging vil redusere vassføringa på ei 3,3 kilometer lang strekning av Storelva, og vil føre til nye naturinngrep. Fordelen med eit energiutbytte, som vil bidra til å nå nasjonale mål om ny grønn energi, skal vegast opp mot ulemper for naturmiljø, friluftsjakter og anna. Ein eventuell konsesjon må føresetje at utbygginga kan gjennomførast i tråd med miljøprinsippa i naturmangfaldlova § 8 – 12. Avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga bør så langt det er mogleg takast inn som vilkår i ein eventuell konsesjon, og bli følgd opp i detaljplan.

Naturmangfald

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær trua (NT). Artsdatabanken peikar på at mange vassdrag er negativt påverka av menneskeleg aktivitet. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi for vasstilknytt flora, fisk, insekt og fuglearter som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Konsekvensutgreiinga (KU) om terrestrisk naturmangfald er basert på tilgjengelege databasar og fagrapportar frå den førre konsesjonssøknaden, og fleire rundar med ny eller supplerande kartlegging av artar og naturtypar. Feltinnsamlingane er utført i relevante periodar som dekkjer hekkesesong for fugl og vekstsesong for karplantefloraen. Kartlegginga av kystskeimose (raudlista, VU) er utført fleire gonger for å oppnå ei god relevant vassføring til å kunne finne arten. Vi har ikkje avgjerande merknader til datagrunnlaget for naturmiljøet.

Det er registrert fem naturtypelokalitetar innanfor to ulike naturtypar; naturbeitemark og flaumskogsmark. For naturtypar, økosystem og artar er verdiar i området hovudsakleg knytt til vassdraget, flaumskogsmarka og naturbeitemarka. Vassdraget med kantsoner og flaumskogsmarka som huser dei registrerte raudlista artane har stor verdi.

Flaumskogsmarka og raudlistearten kystskeimose, som lever på stein i elveløpet, vil bli negativt påverka av redusert omfang og frekvens av flaumar, og redusert vassdekt areal i elveløpet. KU-vurderinga for kystskeimosen er at tiltaket vil føre til noko auka samla belastning, då arten førekjem sparsamt regionalt og nasjonalt. Arten blei registrert òg ovanfor planlagt inntak og nedanfor planlagt utløp frå kraftverket, og det er ikkje venta at arten vil forsvinne frå vassdraget. Samla konsekvens er vurdert til middels negativ for naturmangfald. Minstevassføring og eit mest mogleg dynamisk vassregime vil vere viktig for å kunne oppretthalde artar og økologiske prosessar i og ved elva.

Storaure har nasjonal verdi, og sannsynlege negative konsekvensar for bestanden i Storelva og rekrutteringa til Breimsvatnet blei særleg vektlagt då den førre søknaden om utbygging av Storelva vart avslått. Dei nye utbyggingsplanane legg til grunn at elva er rekrutteringselv for storaure frå Breimsvatnet, og at elva skal oppretthalde fiskeproduksjonen. Ein sentral premiss er at storaure framleis skal kunne vandre mellom Breimsvatnet og Bergheimsvatnet, og dermed til dei viktige gyteområda ovanfor kraftverksinntaket.

Akvatisk naturmangfald er vurdert ut frå tidlegare utgreiingar, ny feltkartlegging og to dronflygingar. Storelva er delt inn i tre delområde; nedre del, utbyggingsstrekninga, og øvre del. Alle delområda er vurdert som svært verdifulle for storaure, på grunn av kombinasjon av gyte-, oppvekst-, skjul- og vandringsfunksjonar.

Det er planlagt avbøtande tiltak etter miljødesignkonseptet og «beste praksis» for regulerte vassdrag; fisketrapp og slepp av lokkeflaumar for å sikre oppvandring, stengsel for å unngå nedvandring i turbin, minstevassføring for å oppretthalde habitatkvaliteten, og omløpsventil for å unngå tørrlegging av leveområda ved stans av kraftstasjonen. Med planlagde avbøtande tiltak er KU-vurderinga at ei utbygging vil få ubetydeleg konsekvens for storauren. Dersom planane blir følgde opp slik det er lagt opp til, skal altså storauren bli ivareteke. Vi oppfatar planane etter moderne miljødesign som truverdige og realistiske, men vi har nokre merknader til dei føreslegne avbøtande tiltaka.



Ved kraftutbygging i vassdrag med store naturverdiar som skal ivaretakast, er det vanleg med minstevassføringskrav minst på 5-persentilnivå. Foreslått minstevassføring er monaleg lågare enn dette, både for sommar- og vinterperioden. Sidan Breimselva er eit brevassdrag med høg sommarvassføring, vil foreslått minstevassføring likevel innebere ei relativt romsleg vassføring, og i KU er det vurdert at redusert vassføring og lågare turbiditet kan betre oppvekstvilkåra for fisk, trass i at oppvekstarealet blir noko redusert. Vi meiner derimot at minstevassføringa bør aukast minst til 5-persentilnivå om vinteren. Låg vassføring om vinteren er ein naturleg flaskehals for den biologiske produksjonen i norske vassdrag, og det er sannsynleg at minstevassføring under 5-persentilnivå vil ha negativ effekt på produksjonen.

Det er godt omtalt i KU korleis fiskevandring oppstraums og nedstraums forbi inntaksdammen skal oppretthaldast. For å hindre tap av nedvandrande ungaure er det planlagt varegrind med lysopning på 18 mm. Denne er basert på antatt fiskestorleik på 18-20 cm, medan yngel og yngre fisk vil risikere å gå gjennom varegrinda og vidare til turbinane. Det er viktig å ha kunnskap om storleiken på utvandrande ungaure frå dette spesifikke vassdraget, sidan fiskestorleik er så avgjerande for effekten av eit slikt avbøtande tiltak. Dersom dette ikkje er kjent, bør det undersøkast nærare.

Redusert vassføring etter ei utbygging vil auka sedimenteringa av tilførte massar på strekninga, og dette kan skade gyteområde og fylle holrom som gir skjul for fisk. Det er omtalt i søknaden at inntaksdammen vil fungere som sedimentsperre, og det blir lagt til rette for å spyle ut sedimentert materiale ved flaum. KU har ikkje omtalt at endra massetransport og sedimentering i driftsfasen kan få konsekvensar for vassfaunaen, og vi er usikre på i kva grad dette temaet er vurdert.

Vi føreset at det blir stilt krav i ein eventuell konsesjon om å nytte kvalifisert fiskefagleg konsulent òg i vidare planlegging og eventuell realisering av prosjektet, helt fram til det kan dokumenterast at dei avbøtande tiltaka fungerer etter intensjonen.

Friluftsliv; fiske, elvepadling

I KU er utbygginga vurdert til å ha *middels negativ konsekvens* for friluftslivet. Tiltaket er totalt sett vurdert som positivt for fiske, men negativ effekt på elvepadling, som vil bli betydeleg redusert, gir likevel middels negativ konsekvens. Elva vil bli ueigna for elvepadling utanom i flaumperidar eller ved målretta vassføringssslepp. Det er få tilsvarande elvar for elvepadling i området som ikkje allereie er kraftregulert. Med foreslåtte avbøtande tiltak, som konkret vil vere periodevis auka vassføring i elva, seier KU at konsekvensgraden kan reduserast til *noko negativ konsekvens*. Vi ser i søknaden at tiltakshavar er positiv til å implementere dette i detaljplanen, men det er viktig at det blir sett vilkår om slike vassføringssslepp i ein eventuell konsesjon.

Massehandtering og deponi


Søknaden seier at overskotsmassane, totalt 300000 m³, i størst mogleg grad skal nyttast til lokale samfunnsnyttige føremål. Det er planlagt å deponere inntil 130000 m³ på eit innmarksareal på 56 daa, med inntil fire høgdemeter oppbygging av arealet. Det står i søknaden at planane er førebelse, basert på innleiande prosjektering, og at det skal lagast ei detaljert og landskapstilpassa prosjektering når søkar har oversikt over faktisk deponibehov. Resterande massar skal køyrast til mellomlagring på industriareal som er godkjent til føremålet, og vi føreset då at desse massane vil bli handtert i tråd med regelverket.

Massehandteringa og deponiplanane må handsamast som eit stort tiltak, og må utgreiast etter krava i KU-forskrifta og Miljødirektoratets rettleiar M-1243 *Disponering av jord og stein som ikke er forurensset*. Både mengde masse og areal er over KU-krava (større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse). Vi viser òg til ressurspyramiden for bruk av ikkje forureina overskotsmasse (figur 1). Samfunnsnyttig bruk vil seie at massen kan nyttast på høgast mogleg nivå i pyramiden. Det kan fremjast motsegn etter vassdragsreguleringslova § 12 og rundskriv T-2/16, mot deponiplanar som «ikke i nødvendig grad avklarar omfang og vurderer muligheten for gjenvinning av overskuddsmasser, eller sikrer areal til håndtering av massenene».

Masse som skal deponerast på eit innmarksareal må ha som føremål å løyse eit landbruksbehov, og ikkje eit deponibehov. Massen skal altså først og fremst betre driftstilhøva og auke produksjonen på arealet.



Det må òg vurderast om dette er massar som eignar seg til føremålet, og om dei òg kan nyttast betre til andre samfunnsføremål. Vi viser igjen til KU-forskrifta, og krava der til alternativvurderingar.



Figur 1: Ressurspyramide for handtering av overskotsmasse av jord og stein som ikkje er forureina. Piler frå figuren viser til forklaring av dei ulike prioriteringane i pyramiden. Figur: Statsforvaltaren i Vestland 2023.

Dersom overskotsmassar frå anleggsarbeid skal brukast i samanheng med nydyrking eller bakkeplanering utan særskilt løyve etter forureiningslova § 11, er det ein føresetnad at massane ikkje er forureina.

Vi viser til krav i Miljødirektoratets veileder M-1243 *Disponering av jord og stein som ikke er forurenset*.

Massetypar og forureiningspotensial

- Kva er geokjemisk kvalitet på tunneldrivemassane (sulfidinnhald, pH, eventuell metallmobilisering)?
- Dokumentasjon på at massane er reine overskotsmassar og ikkje avfallspliktige etter forureiningslova.
- Ved anleggsarbeid vil det normalt oppstå massar som inneheld forureining over normverdien i forureiningsforskrifta kap. 2, f.eks. ein del botnreinskmassar. Slike masser må leverast til godkjent anlegg.
- Massane skal dokumenterast som reine og fri for synleg forsøpling. All masse skal inspiserast visuelt ved åtkomst for å avdekke framandlegeme som plast, metall, betongrestar eller oljeforureining.

Avrenning, sediment og vasskvalitet

- Detaljert plan for avskjeringsgrøfter, sedimenteringsbasseng og sandfang (dimensjonering, drift, vedlikehald).
- Avskjeringsgrøfter og sedimenteringsbasseng må dimensjonerast til periodar med maksimal nedbør.
- Krav om kontinuerleg eller hyppig vassprøvetaking under anleggsfasen, med tiltaksgrenser og rapportering.

Oppfølging, kontroll og etterbruk

- Krav om miljøoppfølgingsprogram for massehandtering og deponiet.
- Etterkontroll etter avslutta anlegg:
 - Vasskvalitet.
 - Stabilitet og erosjon.
 - Jordkvalitet og plantedekke
- Dokumentert plan for full tilbakeføring til jordbruksareal, utan permanent forringing.

Jordbruk og jordvern

Konsesjonssøknaden legg opp til ei mellombels omdisponering av 86 daa jordbruksareal og 10 daa skog, medan permanent omdisponering er oppgitt til 3,5 daa jordbruksareal og 7 daa skog. Permanent omdisponert jordbruksareal er avgrensa til inntaksområde og tilkomstvegar, medan det meste av mellombels omdisponert jordbruksareal er planlagt til deponiområde for overskotsmassar (56 daa) på



gbnr. 102/1 og 103/1, i tillegg til rigg-/anleggsområde, sedimenteringsbasseng og anleggsvegar i samband med deponi og utsleppskulvert. Disse er planlagt tilbakeført til fulldyrka jord ved ferdigstilling av prosjektet. Deponiet er rekna inn med ein mogleg, avbøtande arealvinst opptil 56 daa, altså det same som dagens situasjon. Her er ikkje trekt frå for fyllingsfrontar, avskjeringsgrøfter med meir, då det truleg ligg ein mindre arealvinst i dyrking på ikkje tidlegare dyrka areal, spesielt i vest (på gbnr. 102/1). Denne vinsten kan falle bort om ein ikkje nyttar heile deponiområdet, noko som i så fall kan medføre ei ytterlegare omdisponering av jordbruksareal på anslagsvis eit par daa. Lokaliseringar og løysingar for permanente installasjonar og vegar i samband med inntaks- og utsleppsområde, ser ut til å vere arealeffektive for dyrka mark, og jordvernkonsekvensen er godt, om noko spreitt gjort greie for i søknad og konsekvensutgreiing.

Derimot er valet av deponiløysing under dyrka mark ved Breihaugen, om enn optimal ut frå eit teknisk/økonomisk og anleggsperspektiv, likevel ikkje grunngitt i søknad og utgreiing. Her må det stillast krav om alternativvurdering når ein vel å inkludere eit så stort deponiområde i konsesjonssøknaden, mellom anna ut frå omsynet til jordvernet, i tråd med føringar i KU-forskrifta.

I utgangspunktet inneber tiltaket som heilskap ei samfunnsnytte som forsvarer eit visst kompromiss mot jordverninteressene. Men flytting, lagring og reetablering av god dyrka jord fyller likevel ein sekundær funksjon (som deponi), og er ei naudløysing i høve til det primære omsynet i nasjonal jordvernpolitikk: å unngå dyrka mark og la etablert matjord liggje i fred. Det er alltid ein viss risiko ved slik reetablering av jordbruksareal, knytt til både sjukting, jorddjupne og anna, og ikkje minst når det gjeld drenering. Vurderinga av *jordbrukskonsekvensen* som «noko positiv konsekvens» er kanskje riktig når det gjeld drifta av dei påverka gardsbruka, men er noko optimistisk når det gjeld *jordvernkonsekvensen*, altså kvaliteten på sjølve jordbruksareala slik dei ligg i dag.

I tillegg til det jordfagleg kritiske ved oppbygging av nytt matjordlag, medfører ei fylling med stor sprengstein i utgangspunktet fri drenering under den dyrka jorda, noko som gjer at kapillæreffekt og tilrenning til matjorda frå høgare terreng kan bli tilnærma eliminert. Dette kan vere gunstig i eit vått klima, og eventuelt spare kostnader til ekstra grøfting i matjordlaget, men kan òg gjere areala meir utsette for tørke. Motsett kan eit *for tett* lag mellom fylling og matjord gjere at dreneringseffekten forsvinn, og overvatn må leiast ut gjennom matjordlaget. Jordfagleg kompetanse må difor sikrast i planlegging og gjennomføring av deponi og reetablering av matjordlaga, noko som ikkje ser ut til å vere planfesta i søknaden.

Statsforvaltaren fremjar derfor motsegn mot søknaden slik den ligg føre, med bakgrunn i jordvernet, og i medhald av vassdragsreguleringslova § 12 andre ledd, og føringar i rundskriv T-2/16. Valet av deponilokalisering ved Breihaugen må underbyggast med alternativvurdering, og ein eventuell konsesjon må sikre jordfagleg kompetanse i planlegging og gjennomføring av deponi og tilbakeføring til fulldyrka jord. Dersom desse krava blir imøtekomne, vil motsegna falle bort.

Klimagassutslepp

KU viser eit estimert totalt utslepp frå bygging og drift av kraftverket til 8 954 tonn CO₂-ekvivalentar, derav 90 prosent i utbyggingsfasen. Samanlikna med Gloppen kommunes årlege utslepp i 2023 på 40 000 tonn CO₂ ekv, utgjer utslepp frå arealbeslaget til Re Energi kraftverk 11 prosent. Det meste av arealet som blir teke i bruk er dyrka mark og noko høgbonitets skog. Prosjektet kan vere i konflikt med lokale mål om å bevare skogareal av høg bonitet, men dette er avgrensa til 10 daa. Samla konsekvens for klima er vurdert til «stor/svært stor reduksjon i utslipp/økning opptak», då kraftverket vil produsere fornybar energi som erstatter annen utslippsintensiv energi.

Forureiningslova

Det må søkjast til Statsforvaltaren om utsleppsløyve for tunneldrifta. Vi viser elles til forureiningslova § 7 om å unngå forureining, og til § 8 om vanleg forureining frå mellombels anleggsdrift. Når det gjeld forureining frå eventuelle massedeponi, viser vi til kapittelet «Massehandtering og deponi» ovanfor.



Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Gloppen kommune
Vestland fylkeskommune
Miljødirektoratet

Grandavegen 9
Postboks 7900
Postboks 5672 Torgarden

6823	SANDANE
5020	BERGEN
7485	TRONDHEIM